



# DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

## Innkalling til møte i Radøy sokneråd

**Tid:** 11.03.2015 kl. 18:00  
**Stad:** KYRKJEKONTORET, MØTEROMMET

Desse er kalla inn:

Simon Walther Grandahl	Leiar
Gudrun Maria Solen Rikstad	Nestleiar
Elin Irene Klausen	Medlem
Marta Grønstad Hvidsten	Medlem
Kenth Remy Nesbø	Medlem
Britt Sissel Kvamme	Medlem
Silje Kristin Ellingsen	Medlem
Ludvig Grindheim	Medlem
Oddvar Egil Stang	Varamedlem
Per Bjørkhaug	Varamedlem
Kjell Johan Sekkingstad	Medlem
Jostein Dale	Kommunal representant

Forfall må meldast snarast.

Varamedlemar får særskild innkalling når dei blir kalla inn til møte

### Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Arkivkode
2015/4		(F) Revidert rekneskap 2014	
2015/5		(F) Gjevarteneste: Bruk av midlar til trusopplæringsstilling	157.0
2015/6		(S) Møteplan for soknerådet 2015	012.1

### Meldingar:

- Manger kyrkje
- Årsmøte
- Soknerådsvale 2015
- Veivalg for framtidig kyrkjeordning

KYRKJEKONTORET, den 04.03.2015

Simon Walther Grandahl	Audun Sylta
Leiar	Sekretær

---

## 2015/4 (F) Revidert rekneskap 2014

### UTREDNING

Årsrekneskapen for 2014 er no revidert av Nordhordland Revisjon IKS. Soknerådet skal formelt godkjenne rekneskapen og underteikne denne.

Driftsrekneskap, balanse og notar til rekneskapen vert sendt ut i eiga sending.

### INNSTILLING

Soknerådet godkjenner revidert rekneskap for 2014.

---

## 2015/5 (F) Gjevarteneste: Bruk av midlar til trusopplæringsstilling

### UTREDNING

Soknerådet vedtok i sak 22/2014 å opprette ei gruppe som skulle arbeida med soknet si gjevarteneste. Gruppa skulle òg sjå på alternative inntektskjelder som kunne finansiere ei eventuell trusopplæringsstilling, i tillegg til ei tradisjonell gjevarteneste.

Desse har vore med i gruppa: Willem Vogelaar, Marianne Støylen Skauge, Kristen Kvalheim og Kenneth Taule Murberg. Kjell Sekkingstad har vore med på eitt møte som vikar for Marianne S. Skauge.

Gruppa føreslår for soknerådet ein gjevarteneste-aksjon. Profilen både grafisk og innholdsmessig har som utgangspunkt "Størst av alt - born og unge i Den norske kyrkja". Dette er Den norske kyrkja sin profil for trusopplæringsarbeidet sentralt. Gruppa tek sikte på å arbeida vidare med:

- Endeleg grafisk profil for den lokale satsinga
- Innhald i folder/hefte for aksjonen
- Kommunikasjon gjennom tradisjonelle og sosiale media

Arbeidsgruppa ser føre seg ein aksjon med "glimt i auga" og vil kanskje byggja vidare på fadderordninga som vert brukt i samband med orgelprosjektet. Som fast gjevarteneste er det føreslått at den einskilde gjevaren kan velja mellom beløp på kr 89, 150 eller 300 per måned. Desse beløpa gjenspeglar ein del andre månadlege utgifter som folk flest kjenner att, t.d. Netflix eller Spotifyabonnement, eit mobilabonnement osv. Det er òg naudsynt å avgrense administrasjonsarbeidet knytt til gjevartenesta, men ei AvtaleGiro-basert ordning med tre beløp å velja mellom skal vera greitt å administrera. Arbeidsgruppa tenkjer seg ei lansering av gjevartenesta etter sommarferien.

I tillegg til arbeidet med tradisjonell gjevarteneste, har gruppa hatt god kontakt med Radøy kommune. Kommunen har gjeve tilsegn om stønad til dette arbeidet på kr 50.000 i 2015.

## **INNSTILLING**

Soknerådet støttar arbeidsgruppa sitt framlegg om å opprette ei gjevarteneste med utgangspunkt i "Størst av alt"-satsinga. Rådet bed gruppa om å arbeida vidare med utforming av informasjonshefte/folder og anna materiell. Soknerådet støttar framlegget om tre faste beløp på kr 89, 150 og 300 per måned. Administrasjonen bør òg leggja til rette for at folk kan gje eingongsgåver til trusopplæringsarbeidet.

Vidare meiner soknerådet at det er viktig å koma i gong med gjevartenesta så snart som råd, og bed gruppa ta sikte på ei lansering i Radar, lokalavisene og digitale kjelder allereie før sommarferien. Det er særst viktig at arbeidet kjem raskt i gong, mellom anna av omsyn til den kommunale løyvinga. Dersom det endelege målet er å få oppretta ei ny stilling knytt til trusopplæringsarbeidet, er det viktig å ha oversikt over finansieringa tidleg på hausten.

---

## **2015/6 (S) Møteplan for soknerådet 2015**

### **UTREDNING**

Soknerådet vedtok i sak 33/2014 møteplan for 2014. Møtet onsdag 26.august er sett opp som ei medarbeidersamling der alle tilsette vert spesielt invitert til å vera med.

Det syner seg no at Bjørgvin bispedøme har sett av 25. - 27. august 2014 til stiftsmøte i Ulvik. Prestane og fleire av dei tilsette i soknet vil delta på denne samlinga og det vil derfor vera lite tenleg å ha medarbeidersamling på same tidspunkt.

### **INNSTILLING**

Møteplan for 2014 vert endra. Det oppsette møtet onsdag 26.august vert flytta til onsdag 2.september 2015. Innhaldet vert hovudsakleg ei medarbeidersamling som tidlegare oppsett.